


# BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN  
APRIL 2021**



# ORDFØRAREN SITT HJØRNE



## HEI, GODE SAMBYGNINGAR!

Våren er komen, lemminga er i gang og dagane blir lysare og lysare. For meg er våren ei av dei finaste årstidene. Då reinskarvêr og vind vekk rusk og rask. Samtidig som det «nya» får kome gjennom «telå» for å sjå dagens lys.

Litt slik ser eg på samfunnet nå også. Vi lever i ei spesiell tid, med ein pandemi som vi ikkje heilt kjenner slutten på. Samtidig med at samfunnet held litt tilbake, kan vi likevel sjå konturar av «det nya som spirer og gror». I denne metaforen kjem eg ikkje utanom å nemna North Sea Energy Park som vart valt med vidare i Battery joint prosjektet til Panasonic – Hydro og Equinor. Det er klart det er spennande når slike kunnskapsrike, store anerkjente selskap ser til Bjerkreim som ein aktuell plassering av framtidas nye arbeidsplassar. Det blir uansett spennande å følgje saka vidare. Vi er i alle fall med, på ballen, og prøver og skape «noko av dei nye spirene for framtida». Dalane Kulturfestival vart arrangert med dei smittevernreglane som var då. Det er flott at vi kunne arrangere dette og halde litt av hjula i gang. Stor stas og takk til alle som bidrog ved arrangementa.

Det økonomiske resultatet for Bjerkreim kommune var i overkant av det vi hadde sett for oss. Men med grepa vi har gjort i kommunen i det siste, så forventa i alle fall eg eit godt resultat. Dette gir oss rom for å tilby gode kommunale tenester i åra som kjem, og grobotn for eit flott, nytt omsorgssenter som vi er godt i gang med å planlegge.

Det nylige trasevalet til Kommunaldepartementet om R1 trase for ny E39 gjennom Bjerkreim er gledelig for oss som har kjempa for dette i kommunen. Argumentasjonen frå departementet gjenspeiler Bjerkreims innsendte høringsvar i saka. Nemlig at den har den beste samfunnsnytten, kortast veg, rimelegast å bygge og tek minst jordbruksjord. Det er likevel nå arbeidet starter opp med å ivareta dei grunneigarane som blir råka i kommunen. Eg skal gjera mitt ytterste for å bidra til at dei som får vegen tett innpå seg og sine eigedommar skal nå fram med sine ønskjer og synspunkt i reguleringsarbeidet som starter opp. Det vil alltid gå ut over nokon ved eit slikt stort vegprosjekt. Eg håper vi kan løfte ilag, både innbyggjarar, politikarar og andre utbygger ( nye veier ) og at resultatet blir til å leve med for flest mulig.

Eg vil ønske dykk alle ein fin vår. Ta vare på kvarandre og «stå saman» i pandemien. Vi håper på god flyt i vaksineringa og lys i tunellen for ein normal kvardag.

Husk og å ta vare på alle spirer som gror. Hjelp ny-establerarar opp og frem, og hjelpt barn og unge som kjem med gode idear til å lykkast. Det skjer mykje bra i Bjerkreim.

Vennleg helsing, Kjetil

### KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00

Månd.-fredag kl 08.00-15.00

[www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

### BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20

[biblioteket@bjerkreim.kommune.no](mailto:biblioteket@bjerkreim.kommune.no)

Me endrar opningstida til biblioteket tysdagar og onsdagar frå og med 8. mars, altså veka etter vinterferien. Opningstidene etter dette blir:

Måndag 15.00 – 19.00

Tysdag 14.00 – 18.00 (tidl. 15-19)

Onsdag 14.00 – 18.00 (tidl. 15-19)

Torsdag 12.00 – 15.30

Fredag 12.00 – 15.30

### DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

### FORSIDEFOTO:

«Orreleik - vårens vakreste eventyr»  
Fotograf: Synnove Grøtteland Helland

### NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tirsdag 20. april kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 29. april. Skriv kort! Om du vil sende bilette, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no). Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

### UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

### KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

### TRYKKING:

Jærprint

### ANSVARLEG:

Kulturkontoret

### GRAFISK FORMGIVING:

Elisabeth Vikeså

**VIKESÅ TAXI  
51 45 19 00**



## POLITISKE MØTE APRIL

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:  
[www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

<b>Kontrollutval:</b>	<b>Måndag 19. kl. 14.00</b>
<b>Fellesråd:</b>	<b>Torsdag 22. kl 13.00</b>
<b>Ungdomsråd:</b>	<b>Torsdag 22. kl 18.00</b>
<b>Gruppemøter:</b>	<b>Måndag 26. kl 19.00</b>
<b>Formannskap:</b>	<b>Tysdag 27. kl 16.00</b>
<b>Levekårsutval:</b>	<b>Onsdag 28. kl 13.00</b>
<b>LMT-utval:</b>	<b>Onsdag 28. kl 19.00</b>



## SOMMARHJELP TIL KLØGETVEDTTUNET

Vi søker kjøkenhjelpar til Kløgetvedttunet 5 sundagar i sommarsesongen.

### Arbeidstid:

Sundagar frå kl 11.00 - 16.30  
Sommarsesong er: juni og august

Arbeidet passar for ungdom, og det kan bli aktuelt å dela sundagane på fleire sokjarar. Veit du alt nå at det er sundagar i juni og august som du ikkje kan arbeida, er det fint om du opplyser om dette i søknaden.

### Arbeidsoppgåver

Arbeidet består av å lage og selje lappar, kaffi/te og brus/is. I tillegg kjem litt reingjering/rydding. Opplæring vert gitt.

### Lønnsvilkår

Løn etter lokale takster for arbeid/oppdrag av kortare varighet.

### Søknad

Søknadsskjema finn du på kommune sine nettsider under Ledige stillingar  
Søknadsfrist: 18.04.21

### Kontaktperson

Annette Nedrebø Olden, rådgiver kultur, tlf: 51 20 11 14,  
mobil: 988 80 147

## KULTURMIDLAR 2021

Søknadsfrist 15. mai.

Lag og organisasjonar i Bjerkreim kan søkje om kulturmidlar frå kommunen. Elektronisk søknadsskjema ligg på heimesida vår: [www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no) under skjema, kultur og fritid.

NB! Hugs å sende med årsmelding og rekneskap for 2020.

## SE VIDEO FRA 1980 – OG 90 – ÅRENE

Ny digitalisert video er nå lagt ut på kommunens hjemmeside. Du finner den under Kultur – digitaliserte videoer: Portrettintervju med Torleif Holland (1999).

## LEILIGHETER FOR STUDENTER

Omsorgstjenesten har behov for å leie leilighet for sykepleierstudenter i 3-4 perioder pr. år.

Periodene er på 4 uker.

Leiligheten må være fullt møbler med wifi-nett tilgjengelig og kunne bebo to personer.

Da mange av studenten ikke disponerer bil må leiligheten være i gå avstand til omsorgssenteret.

Dersom du er interessert ta kontakt med Bjarne Tengesdal på mail: [bjarne.tengesdal@bjerkreim.kommune.no](mailto:bjarne.tengesdal@bjerkreim.kommune.no)



## NY LEGE VED BJERKREIM LEGEKONTOR

Jon Sigurd Sande er lege i spesialisering ("turnuslege") ved Bjerkreim legekontor fram til 31. august 2021.

## KRAFTTAK FOR SANG



### **SA NG FOR APRIL**

### **DINE HENDER ER FULLE AV BLOMSTER**

Tekst/oversetter Svein Ellingsen. Melodi:Marcello Guimbin

Dine hender er fulle av blomster.  
Hvem var det du tenkte å gi dem til?  
Mine blomster var plukket til Jesus.  
Graven fant jeg tom. Han var ikke der.  
Halleluja, halleluja,  
Halleluja, halleluja.

Dine lepper er fulle av sanger.  
Hvorfor denne glede, hvor kom den fra?  
Fra den grav der hans legeme hvilte -  
Han stod opp, og verden ble fylt med sang.  
Halleluja, halleluja,  
Halleluja, halleluja.

Dine øyne er fulle av glede.  
Si hva har de sett for å få slik glans?  
De har sett Herren Jesus!  
Han lever! Han gir livet mening  
Og lys hver dag.  
Halleluja, halleluja,  
Halleluja, halleluja.

Nei, det trengs ingen blomster til graven!  
Jesus, du stod opp og du bor blant oss!  
Våre øyne er til for å se deg.  
Hendene er til for å tjene deg.  
Halleluja, halleluja,  
Halleluja, halleluja.

## BINGO

Onsdag 14. april kl 14.00 i Peisestova på Vikeså Misjonshus. Dette bli arrangert om det ikke kjem nye restriksjoner.

*Arr. Bjerkreim Helselag*

## ONSDAGSKLUBBEN 3G

God humør – Godt kledd – Godt miljø

Onsdag 7. april går turen til Klubbane, Hestad i Helland. Ta med niste og sitteunderlag. Avreise frå ESSO Vikeså kl 10.00

*Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma*



## INTERNASJONAL KVINNEGGRUPPE

Vi samles til uformelle treff på lærerrommet på Vikeså småskule, kl. 18.30 til kl. 20.30.

Datoene i vår blir onsdagene; 14. april, 12. mai og 9. juni.

## MEDLEMSKVELD

Bygdekvinnelaget inviterer til medlemskveld 28. april. Rusletur til Gapahuken på Foreneset med bålkos og varm drikke. Vi møtes bak hallen kl. 19.00.



## STRIKKEKVELD

Bygdekvinnelaget inviterer alle som ønsker å være med. Prematurstrikk og kurs i strikk for de som ønsker å lære teknikken. 13. april i Lionsrommet ( underetasjen på samfunnshuset) kl. 19.00.



## LYS OVER LAND MØTER

Misjonsmøter:  
Dagleg leiar Øyvind Hope talar.

Tysdag 20.04.  
Espeland Forsamlingshus

Onsdag 21.04.  
Eikeland Grendahus

Torsdag 22.04.  
Bjerkreim Bedehus: Husets Trekkspelklubb frå Bryne

Fredag 23.04.  
Bjerkreim Bedehus: Kari-Synnøves Trio frå Ganddal

Desse 4 møta byrjar kl.19.30

Sundag 25.04. kl.11.00  
Søndagssamling Vikeså Misjonshus

## VIKESÅ MISJONSHUS APRIL 2021

02. kl 19.30 Langfredagsmøte
07. kl 20.00 Bønnesamvær
12. kl 19.00 Yngres og Korvetten
14. kl 14.00 Bingo
14. kl 19.30 Samtalemøte
18. kl 11.00 Gudstjeneste
20. kl 19.30 Logos
24. kl 09.00 Vårdugnad på Misjonshuset
25. kl 10.30 Søndagssamling
26. kl 19.00 Yngres og Korvetten
30. kl 20.00 Fredagsklubben

## LANGFREDAGSMØTE

På Vikeså Misjonshus 2. april kl. 19.30  
Fokus på langfredag sett fra forskjellige ståsted, uttrykt i bilder, ord og toner.  
Allsang og sang av SångZ.  
Velkommen!

## BJERKREIM BEDEHUS APRIL 2021

Følg med på nettsida;  
[www.bjerkreimbedehus.no](http://www.bjerkreimbedehus.no).  
Dette blir arrangert dersom Koronasituasjonen tillet det:

01. kl. 19.30 Skjærtorsdagsmøte, Imf Tale av Leif Roald Thu Song av Monika og Øystein Vassbø
05. kl. 19.30 Påskemøte, NLM
11. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM kl. 14.30-15.30 Drive-in-basar utanfor bedehuset (arr. Rogaland Imf)
12. kl. 19.30 Yngres
16. kl. 20.00-23.00 Fredagstreff
17. kl. 19.30 BKU
19. kl. 18.30 Jentelaget
20. kl 19.30 Logos (NB! På Vikeså)
22. kl. 19.30 Møte, Lys over land
23. kl. 19.30 Møte, Lys over land
25. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM kl. 11.15 Søndagsskule
26. kl. 19.30 Yngres

## VELKOMMEN TIL PLANLAGDE GUDSTENESTER

(ope for 100 deltagare på anvist plass, men sjå Dalane Tidende på fredagar og Bjerkreimkyrkja.no for endringar)

### Skjærtorsdag 1. april kl. 11.00.

Skriftemålgudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Offer til Misjonsprosjektet.

### Langfredag 2. april kl. 11.00.

Pasjonsgudsteneste i Ivesdal kyrkje

### Påskedag 4. april kl. 11.00.

Høgtidsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje Song: Monika og Øystein Vassbø, Valborg Bjerkreim. Offer til NLM.

### Laurdag 10. april kl. 19.30.

Ungdomsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje

### Sundag 11. april kl. 11.00.

Gudsteneste i Ivesdal kyrkje

### Sundag 18. april kl. 11.00.

Gudsteneste på Vikeså Misjonshus

### Sundag 25. april

IKKJE gudsteneste i soknet

## DØYPTE

21.02.21 Gabriel Klungland  
Mydland

## DØDE

16.02.21 Magne Arvid Ødegård  
22.02.21 Olaf Bjerkreim  
13.03.21 Signe Tengesdal

## FJERNING AV VINTERDEKKET

Søppelstativa på Bjerkreim blir tømt kvar dag. Vinterdekket kan derfor leggast oppi – evt ved sida av. På Ivesdal står det avfallskasse til venstre etter inngang ved ny port.

## VEDLIKEHALD AV GRAVMINNE

Etter gravplasslova § 15 har festar ansvar for å halda ei grav i hevd. Festar eig gravminnet og er ansvarleg for at gravminnet ikkje er til fare for dei som ferdast på gravplassen – m.a.o. ansvar for sikring og vedlikehald av gravminne (gravferdsforskrifta § 24). Kyrkjeverje oppmodar alle til å kontrollera at gravminna er sikra med 2 boltar. Hugs òg vedlikehald av gravminna; t.d. oppfrisking av inskripsjon, fjerning av grønske og mose. Inskripsjonen skal vera synleg. Fleire gravminne står skeivt og må rettast opp.

## Kva Maria bar med seg...

Eg held eit egg i handa mi. Eg skal ha det med på tur for å koke påskeegg. Men korleis skal eg få det med meg utan at det går i stykker? Eg legg det i ein liten matboks og pakkar matpapir rundt det slik at det skal dempe dunking og slag. Eg legg det på ein trygg plass i sekken, så det ikkje skal få støyt og slag når eg tar sekken av og på - og når eg går. Og når eg så går, er eg forsiktig. Eg tenker at «oppri sekken ligg det noko eg ikkje vil skal bli øydelagt. Men når eg kjem fram, skal det fram.»

Så mykje styr – berre for eit lite egg. Eg ser for meg at du som leser dette ville gjort noko liknande, om du skulle ut for å koke påskeegg. Og så tenkjer eg litt på dette når eg les i Bibelen – og kommer til noko som er så uendeleg mykje meir verdifult. I Luk 1, 46-48 les me reaksjonen til Maria som får bære sjolvaste himmelskatten i sin mage. Ikkje eit påskeegg, men noko så fantastisk mykje meir. «Frå no av skal alle slekter prisa meg sæl!» utbryter ho. Og eg tenker Maria var aldeles audmjuk i sitt svangerskap. At ho passa på at ikkje noko gale skulle skje. Og at ho var slik også vidare: som ung mor, som såg barnet Jesus vekse opp - og som seinare byrja gjøre teikn og under. Og kva tenkte ho når denne påsken kom? Holdt det heile på å gå i stykker? Han vart fanga. Dømt. Ført til Golgata. ...og døde. Alt var svart. ...men.. Så kom påskedag.. Tenk: han var ikkje død likevel! Han lever!

Kristentrua er som ein skatt som me bærer med oss. Noko verdifullt, noko fantastisk, noko uvurderleg. Det underlege er at det eigentleg ikkje er oss som skal passe på – det er ikkje me som garanterer sikkerheten til trua. Nei. Det er den som bærer oss! Gjennom livet! Og inn i æva! Sæl er kvar og ein som slik bærer med seg trua. Stadfesta ved den tomme grava.

God påskehøgtid

*mvh Leif prest*

## MUSIKKGUDSTENESTE/ SALMEKVELD

Velkommen til Ivesdal kyrkje fredag 9. april klokka 19.30. Kort gudsteneste. Me syng songar og salmar – m.a. kjende og nye påskesongar, vårsongar og songar av Trygve Bjerkheim frå boka Himmelbru.

Bjerkreim Bedehus, kjeller-etasjen.  
Påmelding: innan 6. april til: post@bjerkreimkyrkja.no



6.klassingar som har fått Bibel får tilbud om bibelvandringskurs (kode B). Oppstart er 6. april kl. 18.00. på Vikeså Misjonshus. Då vil det bli kveldsmat + meir info om resten av kurset! Fint om du melder deg på innan tysdag 30. mars! Dersom du ikkje var i kyrkja og fekk Bibel, kan du melde deg på likevel og få Bibelen på første samling.

## SALMEKONKURRANSE: BJERKREIMSSALMEN 2021

Vi vil invitere deg til å leve til ditt bidrag til en ny salme! Ta utgangspunkt i f.eks. Bjerkreims flotte natur, Guds skaperverk eller Guds trofasthet i en vanskelig tid. Tekst og melodi kan sendes til post@bjerkreimkyrkja.no Frist: 1. juni 2021

## UTDELING AV 2-ÅRSBØKER!

(utsett frå 7. november 2020)  
Me vil ha ei samling for 2-åringane (barn f. 2018) der me vil dele ut bøker og leikelam, høyra bibelhistorie, syngja og eta vaflar og frukt. Det skjer laurdag 10.april kl. 10 – 11.30. på

## TRAFIKALT GRUNNKRUS!

Vi tar sikte på å avholde trafikalt grunnkurs i mai. Du må ha fylt 15 år før kursets start. Kurset er i samarbeid med Høien Trafikkskule. Send påmelding til post@bjerkreimkyrkja.no

## INNOVASJON NORGE – ALT TOM FOR TILSKOT TIL TRADISJONELLE PROSJEKT TIL PÅSKE

I fjor var alle midlane til tradisjonelt landbruk løyvt til sommaren. Beskjeden var då at dei returnerte alle ubehandla søknader, og at dei ikkje ville motta nye før i desember. INR har motteke veldig mange søknader om tilskot til bygging av nye mjølcefjøs, og til på- og ombygging av eksisterande fjøs til lausdrift for inntil 30 mjølkekryr. I strategien for bruk av tilskota som er utarbeidd av Statsforvaltaren, Fylkeskommunen, INR og faglaga i fylket, har søknader med bygg til 15 – 30 mjølkekryr, første priorititet.

INR informerte nyleg på eit møte at minst 30 millionar av potten på ca. 39 mill., vil gå til mjølkebruk. Til då hadde dei fått inn ca. 25 melkesaker, 30 om tilskot gjennom generasjonsskifteordninga (mange med ammeku og sau) og 10 til gjødsel- og förlager, med ein samla kostnad på ca. 415 millionar.

Søknader om tilskot ism generasjonsskifte til mindre investeringar, har dei i alle år prøvd å prioritera. Alle som har søkt i Bjerkreim dei siste åra, har fått tilskot. Men i år let ikkje dette seg gjera noko saksbehandlar-ane sterkt beklagar. Stor pågang og prioritering av mjølkesaker, er grunnen til dette, og at gjødsel- og förlager vert prioritert før gen.skifte.

Her i Bjerkreim er 66 % av bygningane båsfjøs og 34 % lausdrift, etter tal henta frå husdyrkontrollen. På bruk som har meir enn 30 mjølkekryr, har 82 % av dei lausdriftsfjøs.

Du som jobbar med planar om å byggja fjøs, bruk tida framover godt med å fullføra teikningane, få pristilbod på alle investeringane med bygget, drøft saka med rekneskapsktr. og banken. Så kan du ha klar søknaden til innsending til Innovasjon i desember, då dei tek imot saker til behandling på nyåret 2022. I Rogaland kjempar ein stadig for å auka potten med tilskot til investeringar, då vi forholdsvis får mykje mindre enn andre fylke vurdert ut frå antal husdyr. Me fekk mange gode tilbakemeldingar på Mjølke-safarien me arrangerte i fjor vinter. Me satsar å få til noko tilsvarande neste år, som inspirasjon for bygging til lausdrift, og vidare mjølkeproduksjon etter 2034!

<https://www.bjerkreim.kommune.no/tjenester/naring-landbruk-og-miljo/landbruk/sokje-om-tilskot/smilespecielle-miljotiltak-i-landbruket/>

Det er stipulert tilskot på 10-15 kr pr lopemeter med fjerna piggtråd som vert erstatta med anna type topptråd/gjerde. Fjerning av gammal piggtråd til 300 kr/time. Det må merkast av på kart med antal meter der du skal fjerna piggråden. Send gjerne med fotodokumentasjon, spesielt der gammal piggråd ligg. Bondekompaniet/FKRA gir 10 % rabatt for kjøp av piggfri gjerdetråd/wire i 2021.

- **Vilkår:** Framvising av kvittering for levert piggråd til miljøstasjon.

## PROSJEKT PIGGTRÅD – AKSJON I 2021 – MED TILSKOT

Statsforvaltaren/Fylkesmannen, Rogaland Bondelag og kommunane har gått saman om ein aksjon i 2021 med mål om å fjerna mykje av piggråden i fylket. Dette for å hindra forsøpling av kulturlandskapet, og skade på dyr og menneske. Som stimulering vil ein bruka noko av SMIL-midlane til dette for å dekka noko av kostnadene til bøndene. Ein kan få tilskot til å fjerna piggråd på eksisterande gjerde, og fjerna gammal piggråd som ligg på bakken. Det er krav om at topptråden/ståande piggråd må erstattast med piggfrie alternativ.

Bønder som er interesserte i dette, må søkja kommunen om tilskot FØR arbeidet vert sett i gang. Dette må gjerast elektronisk gjennom Altinn. Link til søknadsskjema finn du på nettsida til kommunen:

## HUSK KRAVET OM ÅRLEG GJØDSELPLAN!

Planen SKAL lagast på ny kvart år. Formålet med gjødselplanen er at du som bonde skal få ei så agronomisk og økonomisk gjødsling som mogleg!

## LEMMING

Svein Olav Tengesdal er ikkje å treffa på kontoret etter 30. mars og fram til ca. 10. mai. Då har han ferie for å ta seg av lemming, våronn og fjosbygging.

Lukka til alle saman med våronn og lemming!!

## INFORMASJON

Når du trenger fotograf, innramming eller hjelp til noe fotorelatert... Vi benytter alt fra 120 år gamle kamera til dagens moderne digitale løsninger.



**Han med hatten**  
...til hverdags og fest, fra 1851 til i dag

Følg oss på hanmedhattenfoto

Les av med mobilkamera

Hanmedhatten.no | post@hanmedhatten.no | 900 20 955

## PITTERGARDEN VIKESÅ

© 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med sær preg:

Årmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarreberg.no. Tlf 481 81 804



# INFORMASJON

## Gitar og Handverk DA



*Vi leverer blomsterdekor på bestilling,  
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.*

*Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450  
www.gitaroghandverk.no*



## ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.  
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså  
Tlf 924 69 775 / 4000 3150  
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim  
legekontor  
51 20 43 30

[www.bjerkreimlegekontor.no](http://www.bjerkreimlegekontor.no)

Vask hendene  
og ta vare  
på kvarandre!




## EXTRA

*Extra stort utvalg til extra lave priser*

**COOP EXTRA VIKESÅ**  
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

**COOP BYGGMIX/LANDBRUK**  
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

**COOP MARKED BJERKREIM**  
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



*Telefon 51 49 13 04*

**VELKOMMEN TIL  
KLINIKKEN  
PÅ NYTORGET 3!**

*Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222*

*Kontortid: 08.00 - 09.30*

**Dyrlege Marit Brevik, Vikeså**  
**Spesialistkompetanse på tannsykdommer  
hund og katt**  
**Timebestilling 95141920**



*Kiropraktisk behandling av dyr  
Kastrering og sterilisering  
Kirurgi  
Digital røntgen  
ID-merking  
Vaksinering  
Tannbehandling*

**Vikeså veterinærkontor**  
**Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65**

**ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG**



**VIKESÅ  
VEISERVICE AS**

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekart m.m.

**4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00**

**VELKOMMEN INNOM!**